



...
Fiskeridirektoratet region Hordaland
Postboks 233
5804 BERGEN
...

UTSLEPPSLØYVE FOR TOMBRE FISKEANLEGG AS (H/KM 017 + H/FS 005) OG HARDANGERFISK AS (H/KM 005 + H/KM 009) PÅ LOKALITETEN HAMN/DYSVIK I KVAM HERAD.

I medhald av § 11, jf. § 16, i *Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), gjev Fylkesmannen i Hordaland med dette **Tombre Fiskeanlegg AS** og **Hardangerfisk AS**, løyve til utslepp til luft og vatn frå eit matfiskanlegg for laks og aure på følgjande lokalitet:

Lokalitet	Kommune	UTM - koordinatar	Ramme
Hamn/Dysvik	Kvam	LM 318 768, Kartblad 1215 II	24 000 m ³

1560 tonn

Løyvet erstattar utsleppsløyvet av 22.05.02. Løyvet gjeld på dei spesielle og generelle vilkår som følgjer vedlagt. Løyvet er ikkje gyldig før fiskerisjefen har gjeve konsesjon etter oppdrettslova.

Ramme for utsleppsløyvet

Dette løyvet gjeld for eit matfiskanlegg for laks og aure, med eit samla volum på 24 000 m³, fordelt på konsesjonane H/km 017, H/fs 005, H/km 005 og H/km 009. Kvar for seg har konsesjonane berre løyve til 12 000 m³.

Dersom konsesjonen ikkje har etablert seg, utvida eller flytta innan 2 år, må det etter § 20 i forureiningslova gjevast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av nøter (notvaskar) og anna produksjonsutstyr, førtillaging og medisiner. Det er også sett vilkår for handtering av daudfiskavfall og anna avfall knytt til vanlege aktivitetar ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting/sløyving/foredling av fisk.

Fristar

Nedanfor er tidsfristar for gjennomføring av tiltak gjevne med tilvising til vilkår i utsleppsløyvet.

Tiltak	Frist	Tilvising pkt.
Innsending av årsrapport	15.02 kvart år	6.3

Bakgrunn

Vi syner til søknad dagsett 31.07.02, oversendt frå regiondirektøren i skriv datert 08.08.02.

Verksemda søker om løyve til samdrift mellom konsesjonane H/km 017, H/fs 005, H/km 005 og H/km 009 på lokaliteten Hamn/Dysvik i Kvam herad innafor rammene til eit volum på 24 000 m³.

Fylkesmannen si vurdering/grunngeving

Fylkesmannen skal vurdere dei verknadene etableringa får for dei ulike ansvarsområda. I rundskriv T-3/86 (jf. rundskriv T-3/93) har Miljøverndepartementet delegert mynde til fylkesmannen til å avgjere oppdrettssøknader etter forureiningslova § 11. Fylkesmannen skal også gje fråsegn i oppdrettssøknader med omsyn til *vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*. Rundskrivet gjev retningsliner for kva tilhøve som bør trekkjast inn i vurderinga av søknaden.

I følge oppdrettslova § 5 skal det ikkje gjevast konsesjon dersom omsøkte anlegg vil få ei klar uheldig plassering i høve til omkringliggjande miljø, lovleg ferdsle eller annan utnytting av området.

- Tilhøvet til plan

Lokaliteten Hamn/Dysvik er avsett til akvakulturføremål i kommuneplanen. Det er ikkje søkt om utviding av lokaliteten, og søknaden er difor ikkje sendt kommunen for handsaming og offentlig utlegging.

- Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Fylkesmannen kan ikkje sjå at ei samlokalisering på lokaliteten vil koma i konflikt med prioriterte naturvern- eller friluftslivinteresser. Når det gjeld omsynet til ville stammar av anadrom laksefisk tilrår fylkesmannen at det vert lagt vekt på rømingssikringstiltak ved anlegget og likeins tiltak for å hindre spreiding av lakselus.

Med omsyn til villfiskinteressene er det viktig at samdrift på lokaliteten ikkje fører til auka produksjon i Hardangerfjorden. Fylkesmannen ber difor regiondirektøren om å følgje dette opp ved godkjenninga av driftsplanane til verksemdene.

Vedkomande viltinteresser vert det vist til uttale og vilkår gjeve i vedlegg 2.

- Forureining

Det er ikkje søkt om utviding av lokaliteten. Resipientgranskingsrapporten frå desember 2001 syner ingen opphoping av organisk materiale i området og faunaundersøkingane plasserar dei utvalgte stasjonane i tilstandsklasse "god" til "meget god", basert på SFT sitt klassifiseringssystem.

Vilkår for utsleppsløyve er gjeve i vedlegg 1.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova, jf. § 10 og kap 8.

Klagerett m.m.

Vedtaket kan påklagast til *Statens forurensningstilsyn* (SFT) etter reglane i kap. VI i forvaltningslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klage skal sendast til fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde, dvs. frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Klagen skal vise til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringar som klagaren ønskjer. Klagen bør grunnjevast, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil på førespurnad kunne gi nærmare opplysningar om sakshandsaminga.


Håkon Kryvi e.f.
seksjonsleiar


Monica Ekli
1. konsulent

Vedlegg: Utsleppsløyve (vedlegg 1)
Vilt (vedlegg 2)

Gjenpart m/vedlegg:

Tombre Fiskeanlegg AS, 5640 EIKELANDSOSEN
Hardangerfisk AS, Postboks 143, 5604 ØYSTESE
Kvam herad, 5600 NORDHEIMSUND
Hordaland fylkeskommune, Avd. for regional utvikling, 5020 BERGEN
Statens dyrehelsetilsyn, Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane,
Bontelabo 8A, 5003 BERGEN

VEDLEGG 1

Vedlegg til utsleppsløyve

av 75 OKT. 2002

for Tombre Fiskeanlegg AS (H/km 017
+ H/fs 005) og Hardangerfisk AS (H/km
005 + H/km 009)

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillate bruk av tørrfôr eller mjukpellets.

DEFINISJONAR:

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Medisin/kjemikaliar

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmiddel m.m. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningslinjer frå forureiningsstyresmaktene.

1.3 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m. må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall, samt andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre på en slik måte at dei ikkje fører til særlege luktulempar for naboar m.m.

3. STØY

Oppdrettsanlegget skal utformast og drivast slik at støynivået ikkje overstig SFT sine grenseverdier for ekstern industristøy, jf. *Retningslinjer for begrenning av støy fra industri m.v.* (TA-506, 1985).

4. AVFALL OG SLAM

4.1 Produksjonsavfall og slam

Daud fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulempar.

Oppdrettsanlegget skal disponere eigen daudfiskkvern/ensileringsutstyr og mellomlager for lokal handsaming og konservering av fiskeavfall. Ensilert fiskeavfall skal mellomlagrast lokalt, og oppdrettsverksemda skal ha tilgang til lagertank. Volum på lagertank skal avpassast etter produksjonsmengde og transportavstandar, og bør vere 5 % av årleg produksjonsmengde.

Daud fisk skal takast opp av sjøen minst ein gong kvar dag i sommarhalvåret og minst ein gong annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande.

Oppsamla daud fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Ensilert fiskeavfall skal leverast til godkjent attvinningsanlegg for fiskeavfall.

Dumping av daud fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate utan skriftleg løyve. Søknad om forbrenning skal rettast til *Statens forurensningstilsyn*, medan søknad om nedgraving skal rettast til fylkesmannen og fylkesveterinæren.

Oppdrettsanlegget skal ha planar (beredskapsplan) og utstyr for å ta hand om massiv fiskedaude, t.d. ved algeoppblomstring eller sjukdom. Beredskapsplanen skal m.a. omfatte strategiar til raskt å kunne handtere massedaude av fisk i anlegget, og klargjere kven som har ansvar for kva i slike situasjonar

4.2 Medisin- og kjemikalierestar.

Unytta restar av medisinfør, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før dei vert henta av produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla forrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

4.3 Anna avfall

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

4.4 Slamfjerning

Dersom det må fjernast slam frå sjøbotnen, må det søkjast om eige løyve. Skriftleg søknad som gjer greie for korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til fylkesmannen. P.g.a. smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast.

Oppsamla slam skal om mogeleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKALIAR

Medisin, insekticid, kjemikaliar m.m. skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan t.d. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gjer eit stort nok volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutiner for vedlikehald.

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med føringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.m., slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemda driva rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

6.2 Kontroll

Verksemda skal registrere og journalføre følgjande data;

- * fiskemengde
- * mengde daut fisk
- * mengde rømd fisk
- * fôrtype og fôrforbruk
- * bruk av:
 - antibiotika, type og mengde
 - insekticid " "
 - andre kjemikaliar
- * mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
- * avfallsmengder og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vere tilgjengeleg ved kontroll-/inspeksjon.

Verksemda pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå fylkesmannen inspisere anlegget når dei måtte ønskje det.

6.3 Årsrapport

Kvart år skal det utarbeidast ein rapport som viser data over produksjon det siste året, avfallsmengder og -handtering, samt forbruk av fôr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema, og skal innehalde ei samanlikning av faktiske og tillatne mengder/forhold. Eventuelle overskridingar må kommenterast. Årsrapporten skal sendast inn til fylkesmannen innan 15. februar etterfølgjande år.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Verksemda pliktar å kosta eller delta i dei granskningar som fylkesmannen finn turvande for å kartleggje forureiningseffekten til anlegget, jf. § 51 i forureiningslova . Verksemda kan også påleggjast å betale ein høvesvis del av kostnadene ved eit resipientgranskingsprogram for området der anlegget er plassert.

8. GENERELT

8.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader vert mest mogeleg avgrensa.

8.2 Akutte utslepp

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikaliar o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

8.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova gjere vedtak om forureiningsgebyr for å sikre at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

8.4 Endring av utsleppsløyvet

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan det setjast krav om at ytterlegare tiltak vert gjennomførte for å hindre eller redusere forureiningsfaren frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan han krevja at anlegget vert flytta når krava i § 18 i forureiningslova "*om endring og omgjøring av tillatelse*" er oppfylte.

8.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyremaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, t.d. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyremaktene, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk, jf. § 20 i forureiningslova.

VEDLEGG 2

VILT

Viltlova frå 1981 skal sikre alle dyr og fuglar eit minimum av vern. I utgangspunktet er alle viltartar freda. Lova seier vidare at:

"Ved enhver virksomhet skal det tas hensyn til viltet og dets egg, reir og bo, slik at det ikke påføres unødig lidelse og skade."

Ut frå noverande kjennskap til området, synast ikkje den påtenkte plasseringa å kome innafør viktige viltbiotopar. Indirekte kan ei slik etablering føre til konflikhtar og påførast problem med omsyn til det frittlevande viltet. Røynsle har vist at desse anlegga kan verke tillokkande for villmink, oter og visse fugleartar frå dei kringliggjande områda. Skadeproblema som dermed oppstår, kan i neste omgang aktualisere søknad om fellingsløyve.

Før ein søknad om fellingsløyve kan etterkomast, gjeld det visse generelle vilkår som må vere oppfylte.

Det vert presisert at før felling pliktar eigar, brukar eller rettshavar i rimeleg omfang å prøve andre tiltak for å førebyggje viltskade.

Når det gjeld dette anlegget, bør det av omsyn til viltinteressene, og som førebyggjande tiltak mot viltskade, fastsetjast følgjande vilkår for konsesjon:

1. Eigar av oppdrettsanlegget skal montere måsenett over kar og merdar som står utanomhus før dei vert tekne i bruk. Det må sytast for at nettet til ei kvar tid er i tilfredsstillande stand.
2. Ved eventuell viltskade på oppdrettsanlegget skal eigaren straks ta kontakt med viltnemnd eller viltkonsulent for å drøfta aktuelle åtgjerder.
3. Eigaren av oppdrettsanlegget skal førebu montering av flytelense med sperregarn og otersikker port på landgangen. Montering av slik lense og port skal gjennomførast når fylkesmannen eller miljøvernstyresmaktene sentralt krev det. Maskevidda på sperregarna skal avgjerast av miljøvernstyresmaktene.